

Reisebrev fra den 4. Mindat konferanse, Madagaskar

Av Johannes Vandaskog, foto: OT. Ljøstad

Madagaskar - berre navnet gir eksotiske assosiasjonar.

Det har lenge vore ein draum for underteikna å dra til verdas 4. største øy, med sin eineståande flora og fauna, og heilt spesielle geologi. Og med Mindat konferanse på øya blei plutselig dette oppnåelig.

Det er vellitt på sida å kalle desse samlingane ein Mineralkonferanse. Eg vil heller kalle det ein Mineralhappening. Det er alle typer av mineralinteresserte, frå proffe gemmologar til reine amatør-samlarar som meg sjøl. Tilsaman blir det ein god mix - sjølsagt blir ein ikkje kjend med alle, det utkrystalliserer seg snart små grupper med meir eller mindre felles interesser og personlighet.

Det var ein liten skandinaviagruppe denne gangen, forutan meg var det OT Ljøstad frå Norge og Suzanna Ekwall frå Sverige. Ellers var det ein stor kontingent frå USA, mange frå vest-Europa, ei gruppe med unge gemmologar frå Hongkong, + nokre frå Australia, Sør-afrika og New Zealand.

Med over 60 deltakarar frå heile verda er det eit imponerende stort arbeid som er lagt ned på førehand. Vegane på øya kan knapt kallast dette etter europeisk standard. Litt enkelt sagt går det ein veg nord/sør og ein aust/vest som nokre strekker har ein brukbar standard - dei har i det minste fast dekke. Men med digre hol som slår forstillinga i hel dersom du ikkje er observant heile tida. Så me hadde i utgangspunktet 18 bilar med sjåfør type Toyota Landcruiser eller Mitsubishi Pajero. Den einaste biltypen som overlevde. Sjåførane imponerte meg, dei beheldt roen og humøret same kor ille vegane var.

Me reiste jo i tørketida, i monsunregnet er vegane heilt uframkommelige.

Me ankom Tana Airport midt på natta 28. mai. På flyet møtte eg eit par frå Polen som skulle på same Mindat konferanse. Me tok taxi inn til Central Hotel, som var møteplassen, gjennom ein mørklagt by.

Ein brutal fattigdom slår imot deg når du kjem frå rike Skandinavia. Me hadde ein ekstra dag før turen begynte, som me brukte på ein sightseeing rundt i Antananarivo (i dagligtale aldri kalt for anna enn Tana). Blant alle mulige varer på markedet var det og eit stort mineralmarked. Og med seljarar som var desperate etter å få kapra oss som kunder. Etter å ha vore fleire turar i Afrika burde eg vera van med pågåande seljarar, her var det meir kamp om kundane enn eg har sett nokon annan plass. Og sjølsagt måtte det hard pruting til dersom du ville ha noko. – I deira augo er me jo millionærar alle saman. Etter markedet blei det ein tur til det gamle kongepalasset. Madagaskar hadde ei rik og blodig historie før kolonitida under Frankrike.

Så begynte den 16 dagar lange turen, start 28. mai.

Dag 1. Kjøyretur til Antsirabe, 160 km. Me køyrer i høglandet, ca. 1500 moh. Fjell, dalar, rennande vatn i elvane i dalen. Landskapet er trelaust, avskoga. Her fins ikkje elektrisk straum, all matlaging må skje med ved, vedrøyken ligg sur over landsbyen, nye tre får ingen sjanse til å veksa opp.

Mange landsbyar, risdyrking i terrasser, maisåkrar, folk overalt som arbeider med hakker i åkrane, eller i beste fall eit tospann med oksar. Ein føler seg sett 200

år tilbake i tida, slik kan det tilnærma ha vore i Europa på 1800 talet.

Vel framme i Antsirabe blir me standsmessig innlosjert på Hotel des Thermes i beste franske kolonistil. Her blir me i 3 dagar i ein luksus uoppåelig for den jevne madagassser. Utafor står det på rekkje og rad med *pous-pous* kjørarar. Ei kjerre med sete og tak, og du blir kjøpt dradd avgarde av ein springande mann.

Antsirabe er 3. største byen, grunnlagt av norske misjonerar, og har det største mineralmarkedet i Madagaskar. Her er alt av dei mineraler og edelsteinar du finn på øya, men prisane er høge for det som er av kvalitet. Litt blei jo kjøpt inn.



Fra en av salgsbodene på mineral og edelstensmarkedet i Antsirabe. Steinmarkedet i Antsirabe er det største i Madagaskar.

Etter markedet gjekk turen for dei som ville til Lac Tritriva. Eit vulkankrater som var blitt ein innsjø.

Kvelden blei avslutta med party på hotellet for alle deltakarar + mineralhandlarane frå markedet. Stor stemning, nasjonal favorittdrink er rom smaksett med vanilje. Eit stoff ein absolutt bør omgås forsiktig dersom ein vil behalda kontrollen.

Dag 2. Først besøkte me landsbyen **Mahaiza**. Utrulig trengsel – her gjalt det å halda saman. Folk frå fjella kom til markedet ein gong i veka for å bytte til seg varer frå byen. Litt stein var det å få kjøpt for dei som ville det, folkelivet var attraksjonen.

Etterpå gjekk turen til **Tsaramanga**. Ein stor pegmatitt der det blei dreve etter rosenkvarts. Den finaste rosenkvarts eg har sett og enorme mengder. Alle sikra seg litt av den, den finaste var til salgs for ein billig penge. Litt andre pegmatitt mineraler var det og å finna på tipphaugane, så som turmalin o.a.



Fra det åpne pegmatittbruddet Tsaramanga. Pegmatitten er mest kjent for akvamarin, columbitt og rosenkvarts, Vi kunne samle det vi ville, men det var lite å finne bortsett fra massiv rosenkvarts. Jeg tror ikke noen av deltagerne på turen greide å finne en eneste god stuff på noen av de lokalitetene vi besøkte.

Dag 3. Frå Antsirabe til **Sahatanydalen**. Eit av dei mest kjende område for edelsteinutvinning i Madagaskar. Heile fjell av pegmatitt der ein bl.a. finn mangefarga tumalin, beryll, spodumen var. kunzitt. Vår guide var Dr. Frederico Pezzotta frå Naturhistorisk Museum i Milano. Han har og mange mutingsrettar der – det er organisert svært så forskjellig frå Norge.



"Mindattere" på Tsarafara-pegmatitten i Sahatanydalen. Forekomsten har vært drevet på tradisjonelt vis med massevis av små, trange vertikale gruveganger. Selv om vi ikke fant noe var det interessant å besøke forekomsten.



I Sahatany-dalen finnes det mange interessante pegmatitter, og området regnes som et av de mest mineralrike i Madagaskar. Frederico Pezzotta (t.v) og Tomasz Praszkiel (Spirifer Minerals) holdt foredrag om geologien og mineralogien før vi kom til selve pegmatittgangene.

Enkelt sagt må han halda arbeiderane med utstyr, og kjøpa dei råsteinane dei måtte finna.

Det som var mest interessant for oss var å gå ned i ein gruvegang i ein av pegmatittane; **Ampatsikahitra**. Der kunne ein sjå rosa tumalin i veggen. Ute kunne ein finna bitar av kunzitt og morganitt. Det blei ein lang dags vandring i eit fantastisk landskap, og trøtte deltakarar på hotellet om kvelden.

Dag 4. Me forlot hotellet i Antsirabe, og drog først til eit nytt turmalinfelt, Ambatonapetraka i Sahatanydalen. Her er det ikkje gullfeber men all slags edelsteinfeber. Går ryktet at det er gjort eit nytt funn av edelstein, strøymer folk til i hundre- og tusental. Så og her. Gløym å finna noko på tipphaugane, dei er finkjemma for kvar minste bit. Så du må kjøpa hvis du vil ha noko med deg.

Etter lunsj i **Ambositra**, med den etterkvart obligatoriske dans- og sangoppvisning for oss, gjekk turen til **Ambatofinandrahana** (puh). Nå var me virkelig ute i bushen. Her var det laga til ein stor salgsutstilling for oss, veldig mykje var kvarts i alle mulige former. Som vanlig med hard og lang pruting - og god stemning.

Etter middag blei salen rydda for overnatting, med madrassar på golvet. Eg



Tradisjonell gruve fra Ambatonapetraka-pegmatitten. I denne pegmatitten ble det gjort et stort funn av middels god turmalin for tre år siden.



Den lille, avsidesliggende landsbyen Ihasofotsy regnes som kvarts-hovedstaden på Madagaskar. Det virket som om alle landsbyens innbyggere hadde kvartskrystaller i alle størrelser å selge. De heldigste fikk kjøpe japaner-tvillinger i tildels meget god kvalitet.

var blant dei få som fekk seng på loftet, og godt var det, om natta slo diareen til, hardt og nådeløst. Eg, som aldri har vore sjuk på mine reiser, fekk nå prøva det til fulle. Men felles skjebne er felles trøyst, eg var ikkje aleine om å bli slått ned på denne måten. I løpet av turen måtte dei alle fleste gjennom ein slik omgang. Så dag 5 blei tilbrakt i senga mens dei fleste var på veg til landsbyen **Ihasofotsy** for å finne meir kvarts. Me som var sengeliggande den dagen, blei plukka opp om kvelden, og me køyrde tilbake til Ambositra for overnatting.



En typisk landsby med en klynge hus og risterrasser.

Dag 6. Litt steinhandel for dei som ville det, men mest blei det handla ting av tre i Ambositra. det er eit senter for tradisjonell treskjæringskunst. Ein ganske stor, travel og skitten by. Så kjørte me sørover, ein stopp blei det på eit gullvaskefelt. Alluvielt gull i grus og leire, mange meter djupe hol på det verste. Gullvasking på tradisjonell måte, med store vaskepanner. Me blei nok ein gong påminna at kampen for tilværelsen er hard på øya. Trur det var hundrevis av folk som prøve å finna nokre få gullkorn, gullinnhaldet var nokre få gram pr. tonn. Vidare sørover til **Ambatovaky** der me såg på tradisjonelt smedarbeid. Alt som trengs av handredskaper til jordbruket, hakker, spadar og lignande blir laga av lokale smedar.

Så kjørde me ned frå høglandet inn i regnskogen på austsida til **Ranomafana nasjonalpark**. Etter å ha sjekka inn på Ihary Hotel gjekk me på nattlig vandring. Der fekk me for første gang sjå lemurar, og mange kameleonar og froskar.

Dag 7. Etter frukost på hotellet var me på dagstur i Ranomafana nasjonalpark med vår kunnskapsrike og entusiastiske guide. Dette er regnskog, jungel full av lianer og tre i etasjar. Heilt ugjennomtrengelig, du er nødt til å halda deg på stien. Etter lunsj drog me til eit anna naturreservat: **Anja**



Lemurer er Madagaskars svar på apekatter. Det finnes ca 50 arter som kun lever på Madagaskar og på noen nærliggende øyer. Denne ringhalelemuren er fotografert i Anja nasjonalpark.

Park. Litt spesielt dette, ettersom det blei drive av lokalsamfunnet, Ikkje av WWF eller statlige organ som alle andre me besøkte. Store granittkropper med skog innimellom, og veldig lite sky lemurar, me kom tett innpå dei. Me overnatta i byen Ambalavao, på Aux Bougainvillées hotel.

Dag 8. Me forlot skogen, opp i høglandet igjen, til landsbyen **Zazafotsy**. Vakta av væpna soldatar var det ei lang vandring opp graskledde åssider i steikande sol til **Amboarohy korundgruve**. Dette var igunnen den einaste plassen på heile turen det gjekk an å finna noko på eigen hand. Bitar av safir i ein sjelden lilla farge, med litt flaks også små krystallar i matrix. Ikkje alle kom opp, det var ei lang vandring i varmen, til alt overmål sette dei lokale bøndene fyr på det turre graset, for å få det vekk før neste vekstsesong. Dei som danna baktroppen kom ikkje forbi brannen. Etter litt handel (som vanlig) drog me til **Ranohira og Isalo nasjonalpark**. 2 netter på luxushotell bygd for vestlige turistar.

Dag 9. Heile dagen blei brukt rundt i Isalo. Parken er ein kombinasjon av sandstein erodert i rare former, sjeldne endemiske planter og dyr. Turen tok heile dagen, lunsj servert ute, noko som lemurane i parken og sette pris på. Tydelig vant å bli servert av turistar!



Sandsteinformasjoner og dype canyoner med mange sjeldne planter og dyr, er typiske for Isalo nasjonal-park.

Om kvelden fekk me igjen besøk av Frederico Pezzotta. Han presenterte oss for dei mest kjende edelsteinforekomstane på Madagaskar, og korleis dei vart danna. Eg skal ikkje trøtta leserane med å prøva å gjengi hans presentasjon - berre kort fortalt: Madagaskar er danna då det Indiske subkontinent skilde lag med Afrika, og derav følgjande stor vulkansk aktivitet, og danning av store, edelsteinførande pegmatittar.



I 1998 ble det funnet safirer i ei gruve ved Ilakaka, og området på mange kvadratkilometer regnes som verdens største safirforekomst. Her, som ellers på Madagaskar, skjer alt gruvearbeid uten hjelp av moderne maskiner.

Dag 10. Vestover på ganske god veg til **Ilakaka**. Dette er Madagaskars "wild west". For nokre år sidan blei store alluviale forekomster av safir funnen her, og ein by med tusener av folk, hus av papp og bølgeblekk grodde opp på "no time". Kjempesvære hol blir spadde opp - folk står på linje og kastar opp sanden til kvarandre. Oppkjøparane frå Kina, Thailand, Sri Lanka har bygd sine hus utafør slummen. Du kan handla der, men billig er det slett ikkje. Eller du kan handla på gata, og der er det billig. Men du blir garantert lur. Eg kjøpte ei handfull steinar, seljaren påsto hardnakka at det var safir, det var jo granat. Eller du kan gjera som dei fleste av oss gjorde: ta deg ei kald øl og sjå på godsakene.

Etterpå kjørde me til vestkysten, til **Tulear**. Første besøk der var arboretet som har samla planter spesielt frå vestkysten. Etter lunsj i byen forlot våre dyktige sjåførar oss, dei skulle køyra til vår neste stoppestad, me skulle ta fly. Det var ingen direkte vegforbindelse langs vestkysten, Dei måtte køyra 2 dagars omveg, 1800 km., for å møta oss! Så me fekk prøva ein Madagaskar-spesialitet: "taxi-brousse". Det er slik den vanlige madagasser reiser, ein buss eller minibuss med treseter - alltid



Madagaskars befolkningen består nesten i sin helhet av madagassere som er av blandet indonesisk og afrikansk herkomst. Nesten 43 % er under 15 år.

fullstappa med folk og varer. Etter 2 timar på tresetet var det godt å komma fra til Nautilus Hotel, der me budde dei neste 2 netter. om kvelden var det underholdning igjen, ei gruppe jenter frå Tulear by hadde ei fantastisk trommeforestilling.

Dag 11. i vår "taxi-brousse" til fiskelandsbyen **Ambolimalika**. Denne dagen var me turistar igjen. Me var på stranda, såg på fiskarane som kom inn frå havet i sine primitive katamaranar, eit yrande folkeliv med oppkjøparar, seljarar av sukkerrør og familiar som tok imot sine, og som venta på fangsten. Etter lunsj på strandhotellet køyrde me tilbake til hotellet, og ein avslappande kveld.

Dag 12. Tilbake til Tulear med vår "taxi-brousse", som me etterkvart var blitt vant med. Etter lunsj bar det til flyplassen, der det venta eit chartra fly på oss som skulle ta oss til **Morondava**. Ein times flyging nordover langs austkysten, der det ikkje gjekk framkommelig veg. Vel framme i Morondava blei me møtte av våre trufaste sjåførar som hadde køyrd i to dagar for å nå fram i tide til å møta oss.

Dag 13. Etter ei avslappande natt sette me oss i bilane kl. 7.30 for ein lang dags køyring til **Bekopaka**, vår siste destinasjon på Madagaskar. Første stopp på veggen

var **avenue des Baobabs**. Ei ikonisk rekke av tre, dekkande beskrivne som "roots in the sky". Størrelsen og omkretsen av stammene er overveldande. Eit syn som du garantert ikkje gløymmer. Neste stopp var elva **Tsiribihina**. Ferja er som du kan venta deg på afrikansk vis: du køyrer om bord på to breie plankar, ferja er ein lekter med to motorar akter. Så lunsj i **Belo Tsiribihina**, me var nok mange som var begynt å bli lei av zebukjøtt etterkvart, men me fekk det absolutt beste dei hadde å by på rundt om på dei forskjellige eteplassene me besøkte. Så hadde me fleire timars køyring til neste elv, **Manambolo**. Etter å ha kryssa denne kom me fram til vårt siste hotell på turen. Då heldt nattemørket på å senka seg etter ein lang dag på veggen.



Baobab-trær er typiske for Madagaskar. De kan ha en diameter på mer enn 7 meter og være opp til 30 meter høye.

Dag 14. Ved soloppgang, kl. 6 om morgonen var me på elvepadling i kanoar av uthola trestammer på Manambolo elva. Ei brei og mektig elv kalksteinfjell på elvebreddene. Inne i fjella var det grotter, merkelige kalksteinformasjoner med stalagmittar og stalagtittar. Med soloppgang over ei brun elv, oss i spinkle kanoar gjorde alt dette eit sterkt inntrykk. Resten av dagen var me i "**Little Tsingy**". Dette er ein del av **Tsingy de Bemaraha nasjonalpark**. Dette er blitt ei UNESCO World Heritage site. Ein av Madagaskar sine einestående underverk i naturen. Kalksteinen er erodert i sylskarpe "spyd". Saman med djupe sprekker og grotter gir dette ei underlig verd å gå i.



For å komme fram til Tsingy de Bemaraha måtte vi ferges over flere elver. Her fra ferga over Manambolo-elva.

Dag 15. Dette var dagen for **"Big Tsingy"**. Ein forstørra utgåve av det me hadde sett førre dagen. Her var det meir utfordrande klatring -via ferrata - med hjelm og sikring. Belønninga fekk me på toppen, då me såg utover dei sylskarpe kalksteinfjella. Fossiler var det rikelig av i kalksteinen. Levande lemurar såg me og her.

Dag 16. Siste dag av turen, og den dagen me måtte tidligast opp! For å rekka vårt bestilte fly i Morondava måtte me starta kl 04. om morgonen. - I stummande mørke kryssa me elva og starta på den lange kjerrevegen tilbake. Me nådde flyplassen i tide, og sa farvel til våre trufaste sjåførar. Turen med flyet tilbake til Antananarivo var unngjort på ein time, og det var slutten på konferansen. For mange gjekk turen heim samme kveld. Men for meg og andre blei det ein ekstra dag i Tana pga. flyforbindelsene til Europa. Det betydde ei extra natt på Hotel Central og ein tur tilbake til mineralmarkedet.

Sett tilbake; Ei eksotisk oppleving som eg ikkje hadde hatt muligheten til utan å bli med på Mindat og Spirifer Minerals sin konferanse. Sjølsagt dreidde turen seg om



Nasjonsparken Tsingy de Bemaraha ("big" Tsingy) på den sydlige delen av Madagaskar er på 666 kvadratkilometer, og består av eroderte kalksteinsklipper.

mineraler og edelstein som Madagaskar har i rikt monn. Men i tillegg like mykje om den eneståande naturen, flora og fauna. Og ikkje minst: Sjøl om Madagaskar er eit av verdas fattigaste land, ein føler at landet smuldrar opp av overbefolkning og vanstyre; det er ikkje til hinder for at ein møter åpenhet og hjertevarme overalt.

Slik sett er det nyttig å reisa til Afrika, komme heim å få sjå ting i perspektiv. Me har trekt vinnarlottdet i steinrøysa her heime.